ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Brigitta Grösl
Rosslandsvegen 489
5918 FREKHAUG

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 12.04.2022 |
| Vår: 21/3101 - 22/28974 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest for garasje som tilbygg til bustad - gbnr 320/19 Dale øvre

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 427/22** |
| **Tiltakshavar:** | Brigitta Grösl |
| **Ansvarleg søkjar:** | Brigitta Grösl |
| **Søknadstype:** | Søknad om ferdigattest |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for garsje som tilbygg til bustad på gbnr 320/19.**
**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/3101 datert 21.06.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.04.22.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Rosslandsvegen 489 5918 Frekhaug |
| Bygningstiltak: | Tilbygg til bustad i form av garasje |
| Bygningsnummer: | 1760119980 |

| | |
|---|---|
| Bruksareal: | 29 m2 |
| Avlaup: | |
| Vatn: | |
| Tal på røykløp: | |

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3101

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Brigitta Grösl | Rosslandsvegen 489 | 5918 | FREKHAUG |